



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Vår ref.
17/01417-5

Dykkar ref.
19/3216

Dato
10.09.2019

Høyringsbrev Forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

NMBU har følgende kommentarar til forslaga om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning.

Kap 2 Generell studiekompetanse

§2-2 Utanlandsk utdanning

1. Krav om munnleg Bergenstest. NMBU støtter forslaget.
2. Grunnskole på norsk eller nordisk språk skal ikkje lenger oppfylle norskkravet. NMBU støtter forslaget.
3. Norsk B standard level frå IB oppfyller ikkje lenger norskkravet. NMBU støtter forslaget.

NMBU foreslår følgende endring i teksten i §2-2 (4):

Søkjarar som har utdanning får International Baccalaureate (IB), og som anten har teke **norsk A på «standard level» eller «higher level», eller norsk B på «higher level»,** eller som oppfyller krava i tredje ledd, fyller krava til generell studiekompetanse dersom dei i tillegg...

Kap 3 Unntak frå krav om Generell Studiekompetanse

§ 3-8 Unntak frå krav om GSK for opptak til studium i Nautikk. NMBU støtter forslaget.

Kap 4 Spesielle opptakskrav

§4-8 Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram. NMBU støtter forslaget.

§ 4 – 10 Spesielle opptakskrav til diverse fag. Høyskolen Kristiania ønsker opptakskrøve til bachelorstudium i interiørdesign. NMBU støtter forslaget.

Kap 7 Rangering

§7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote



NMBU støtter forslaga som omhandlar kven som kan konkurrere i kvoten for førstegongsvitnemål, men har følgjande kommentar til nytt andre ledd:

I staden for:

(2) Kvoten omfattar og søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter normal tid i vidaregåande opplæring, men som i tillegg har fått utferda kompetansebevis med *Matematikk R2* bestått i løpet av normaltida.

Meiner vi det bør stå:

(2) Kvoten omfattar og søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter normal tid i vidaregåande opplæring, men som i tillegg har fått utferda kompetansebevis med *andre fag* bestått i løpet av normaltida.

Dette meiner vi passer betre med argumentasjonen i Notatet der innspillene er presentert: « SO foreslår å endre reglane for kven som kan konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål. Med eit nytt tredje ledd i § 7-2 vil elevar som tek påbygg til generell studiekompetanse etter å ha fullført og bestått fagopplæring, få høve til å ta andre fag, for eksempel realfag, og kvalifisere for kvote for førstegongsvitnemål.»

§ 7-4 Poengberekning av søkarar med meir enn eitt grunnlag for rangering.

NMBU støtter forslaget om at det beste av alle grunnlag som er mogleg å poengberekne skal kunne bli brukt.

§ 7-5 Karakterpoeng for søkarar med treårig vidaregåande opplæring.

NMBU støtter forslaget om at departementet gir Samordna opptak fullmakt til å utarbeide flere utrekningstabellar.

§ 7-6

Samordna opptak ønsker paragrafen fjerna fordi det ikkje lenger passer til faginndelinga i vidaregåande skule i Kunnskapsløftet. NMBU støtter forslaget.

§ 7-7

SO ønsker at paragraf 7-7 (2) strykast da den er overflødig. NMBU støtter forslaget.

Med helsing

Ole-Jørgen Torp
Studiedirektør

Benedikte Merete Markussen
Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

